Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Odda

Emne: Helsing, Fakter og åtferd | Bygdelag: Odda

Oppskr. av: bonde Olav Ragde | Gard: Ragde

(adresse): Odda | G.nr. 27 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Dersom folk ikkje brukar ord for Ja og Nei, so brukar dei å nikka med hovudet for Ja, og riste på hovudet for Nei.

2. Ikkje til vanleg, utan det kan vera i ymse høve.

3. Nei ingen regel, utan den, at den som kjem skal helsa på den som stend i ro.

4. Var fleire i lag, dei som møttest kunne dei anten lyfta på hatten var det menn og gjerne handhelsa attåt og var det kvinna so kunne dei nikka med hovudet eller helsa i handi. Og var det born dei møtte var det sjølsagt dei helsa utan det var kjende eller slekt.

5. Det vart nok gjerne gjort sin del skilnad i eldre tid, når det var embetsfolk, som prest eller andre høge herrar, dei lyfte dei gjerne på hatten eller huva. Var det var kjenningar, og grannar, var det meir laussleg helsing etter kva tid på dagen.

6. Nei eg hev ikkje høyrt noko skilnad på dei her.

7504

7. Nei, det var nokk på same vis, korleis dei var kledde.

8. Som regel når dei var i vertskap, brudlaup m.a. og då agta på borni.
Og likeins når dei kom frå vitjing.

9. Nei det har eg ikkje haurt; men dei skaka nå gjerne meir i handi då

10. Ja det gjore dei, når dei ringde til gravferd og når dei var åtreo og sådde korn
Gjekk ofte berhavda.
Kva kvinnane gjore veit eg ikkje

11. Då tok dei dei jamt av seg hatten elles huva, og stod til ferdi var framme.

12. Nei det har eg ikkje greida på, anna enn at dei kunne ta innat bølingen når dei enn hausta kom heim frå skolen, med godnatt og velkomen heim"

13. Som regel var det „God morgon" fyre middag „God dag" til det lei mot kveld og sidan var det „Godkveld" og „Godnatt" når dei kom og når dei gjekk.

14. Å ja, ein tykte nå gjerne, det var litt snodigt.

15. Nei, ein drog gjerne litt på smilen.

16. Nei i dag er det sømeleg alt saman.
Det er ingen som tek det so nøgje.

7504

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17. Ja det var fast regel det fyrr, at dei var i bruk alle dei svemningane og er det enno millom folk her.

18. Ja ein brukte gjerne å segja „Signe møte" og „velkomen hit" når dei møttest. „Takk deg det same" vart det svara. Det hende ogso, at når ein kom og helsa på sume „God dag" svar dei gjerne attende med „Signe"

19. Det vanlege var i vertskap, at husverten var ute og tok imot gjestene og bad velkomen, og innkomen var det å handhelsa på alle som inne var. Likeins var det kom einskilde til gards.

20. Då vart det gjerne sagt: „Eg vilde få snakka eit par ord med deg" eller „Det var deg eg vilde finna likegrand" og eller ogso: „Eg skulle snakk med deg under 4 augo."

21 Ja det er vanleg, at folk bankar på fyrr dei gen inn.

22. „Kom" eller „Kom inn" og sume kan ogso bruka å segja „Ver so god"

23. Ja som regel vart dei ståande ved døri, til dei sa „Sjå deg før setja" eller „Kom og finn deg sess."

24. Som regel tok dei huva el. hatten av då dei kom innum døri.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7504

25. „Ja so, er den Karen ute og fer idag?"
„her er lenge no sidan dū var her."
„No var dū gild, dū vilde sjå innom" o.s.v.

26. Skilnad var det sjølsagt.

27. Er det framande ute og gjeng?
„Sjå dū fer sitja", ver so god!

28. Nei, det var ingen skilnad:
anna enn, at sume kunne kjerka av skolen, etter at den framande var gjengen, dersom han såg mystisk ut.

29. Etter handhelsingi: „Velkomen"!

30. „Far vel" eller „God natt" og „takk for oss"
„Sjøl takk for dū kom", og „vel heim"

31. Ja, no må de leva so vel og takk for alt. Far vel. Svar: „Far vel og sjøl takk, lukkelig reis"
B: „Gud velsigne dig"!

32. Kvinnorne kunne ofte eunfamna kvarandre til slik lang avskil og gjerne kysse kvarandre; men aldri mann.

33. Sjå 32.

34 Nei, aldri det eg veit.

35 Det kunne vel henda?

36 Ja, helst det.

7504

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

37. Det kjenner eg ikkje til.

38. No må dei vera god med han elle henne som då hadde ein klemm eller kyss kanske

39. Ja. det kalla dei å kyka nos.

40. Det kunne vera so ymse med det.

41. Å, ja det kunne henda, at dei hadde anora av og piras med hans bolis solis som merk, men kva dei kalla det, veit eg ikkje.

42. Det vande vel gjerne med kvinnor som under 32.

43. Som 32 og 38 kanskjo.

44. Ved avreise og gratulasjon under trulovning og giftarmål

45. „God Jol!" og Signa Nyår!
„God påske" og „God Pinse"!
No er det ofte ein kan høyra det tåpelege, vel overstått sjå aller 44.

46. Då brukte dei å seggja, Eg tek del i din sorg"

47. „Takk i handi

48. Som regel i slike høve var det ein stod fram ved gravi og takka alle som var med.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

49. Nei, det har eg ikkje hugt frå minne.

50. Her i bygdé seggje me „du“ til alle. Derimot var dei vel meir nøgje frå det i eldre tider, då dei tala med presten eller andre høge herrar.

51. Nei ikkje bygdefolk, derimot kan det vel hende, at sume av industriarbeidarane, som er frå mange kantar av landet kan i ymse høve brukka „han“ el. „ho“?

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7504